

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hordaland fylkesting registrerer ei uheldig utvikling med større klassar. Denne utviklinga går utover kvaliteten på undervisninga og oppfylgginga av den enkelte elev. Ei av hovedårsakene til fråfall er einsemd. Store klassar fører ofte til at den einskilde elev får mindre oppfylgging og blir mindre synleg.

Hordaland fylkesting er uroa over at målstyring og auka krav til rapportering fører til meir byråkratisering og mindre tid til lærarane sine kjerneoppgåver, undervisning og tilpassa opplæring.

Hordaland fylkesting ber administrasjonen utvikle ein undervisningsstrategi som tar omsyn til desse politiske signala frå fylkestinget.»

### **Røysting**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kollbotn sitt forslag fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

### **Vedtak**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16* til orientering.